



Industrihistoria

Skriven av Kjell Eikemo



1 Innhald

2	Andreas og Ragnvald Ringstad	2
3	Brusfabrikken «Firda».....	3
4	Grimelid koppargruve	4
5	Helle Fabrikker	5
6	Helle Tegleverk.....	6
7	Hermetikkfabrikken I Askvoll	8
8	Hjalmar Rivedals porteføljeverksted, Holmedal	9
9	Holmedals Dampbageri	10
10	Holmedal Mekaniske verkstad	11
11	Johan Jenssen.....	12
12	Klausen Mekaniske verkstad	13
13	Løkeland Hermetikkfabrikk	14
14	Plan om Industriby i Askvoll	15
15	Sauesundet: Handelsstaden og Skysstasjonen – Hermetikk fabrikk	16
16	Smørfabrikken.....	17
17	British Aluminium Company i Stongfjorden	18
18	Trollefos Uldvarefabrikk	20
19	Vårdal Tegleverk	21

2 Andreas og Ragnvald Ringstad

Starta som anleggsentreprenørar i 1952. Då kjøpte dei inn ein traktor med hydraulisk gravearm – ein av dei første av dette slaget i Sunnfjord. Denne hadde utstyr for tilkopling av luftkompressor.



Tilhengar med hydraulisk tipp vart bygd ved Klausen Mekaniske Verksted. Hydrauliske maskinar og luftkompressorar var ei stor lette i jord- og steinarbeid då det kom i bruk utover 1950-talet. Tidlegare hadde slikt arbeid vorte utført med handdrivne stubbebrytarar og mineboring for hand. Det første store arbeidsoppdraget for Ringstad-brørne var bygging av vassverket til Askvoll sentrum som stod ferdig i 1954.

I 1975 vart det bygd felles vassverk for Askvoll, Olset, Helle og Holmedal med Nyksvatnet som kjelde.



3 Brusfabrikken «Firda»

Fabrikken låg på kaia i Holmedal og starta i 1899. Etiketten hadde bilete av ein bunadskledd jente som drakk brus.



Som med så mykje anna i Holmedals område på den tid , var det bergensaren Johan Jenssen som fekk starta brusfabrikken. Den vart skipa som eit aksjeselskap i 1899.

I 1905 overtok Øystein Håland, saman med kona Anna.

Sommaren var beste sesongen og dei kunne ha opp til fem - seks personar i arbeid.

Produksjonen låg på om lag 20 kasser pr dag. I kassen var det 50 flasker (1000 flasker pr. dag).

Produksjonen bestod av: Citron, appelsin, bringebær, ananas brus og Celters alkoholfritt øl , i tillegg til Valhallamjød og Munehenerøl. Brusen og ølet kunne leverast på flasker eller dunk. Munehenerøl var ettertrakta og ofte greidde dei ikkje å levere nok.

Salg

Ein representant frå fabrikken reiste rundt i bygdene i Sunnfjord og tok opp bestilling. Elles sette dei inn annonse i aviser og tidsskrifter.

Brusen vart sendt med Fylkesbåtane, eller ein kjørte den rundt med hest og kjerre.

I 1930 åra vart Hansa i Bergen ivrig etter å kjøpa opp brusfabrikken og i 1935 selde dei til Hansa. Dei fekk då rettighetene til "Firda" brus. Dei demonterte maskinene, tok med seg flasker og kasser. Brusmaskinene vart lasta på båten, men maskinene vart senka i fjorden.



4 Grimelid kopargruve

Kopargruva var i drift periodevis frå 1759 til 1920, driven på ei koparåre som strekkjer seg sør-nord i ytre Sunnfjord. Fagfolka i Grimelid kom mykje frå Røros koparverk, og framleis finst det slektsnamn med trøndersk bakgrunn i Grimelid.



Det vart også tatt prøver av koparkis i Askdalen, Flokeneset, på Mjåset og på Heggøyna

Sunnfjord-kysten var skogfattig. Difor vart mykje av malmen ført til Halbrend i Førde for smelting. Der vart det bygt smeltehytte i 1761. Gardsnamnet der kjem av «halbrend» koparkis.

Den første driftsperioden i Grimelid-gruvene varte berre til 1776.

I 1854 vart det på nytt drift i Grimelid-gruvene. Gruva gav arbeid til 50 mann, og folketalet i den einbølte bygda auka til 166 personar. Men høge driftskostnader gjorde at selskapet gjekk konkurs i 1883, og drifta vart lagd ned.

I 1904 vart gruva selt på nytt til ein svenske som starta prøvedrift i 1906. Men retteleg drift vart det ikkje før etter at verdskrigen braut ut i 1914, og det vart etterspørsel etter koparmalm m.a. til rustningsindustrien og elektroindustrien. I 1916 starta A/S Christiania Minekompani gruedrift med opptil 17 mann i Grimelid.

Etter krigsslutt i 1918 sette vanskane inn: Marknaden for kopar tørka inn og prisane fall. I 1920 gjekk Minekompaniet konkurs. Under andre verdskrig vart det på nytt vurdert å starta gruedrift i Grimelid, men planane vart lagde bort.



[Til toppen >](#)

5 Helle Fabrikker

S & S Helle Knivfabrikk i Holmedal vart starta som ei typisk «kjellarbedrift» i 1932.

I 1932 starta dei produksjon av tolleknivar. Den første salsreisa til Austlandet gjorde Steinar Helle på sykkel. Han hadde med seg eit knippe tolleknivar



JONAS HELLE VAR EIN DYKTIG VERKTØYMAKAR

I 1943 kjøpte brørne Helle dei tidlegare fabrikklokala til smørfabrikken «Flora» ved kaia i Holmedal og flytta produksjonen dit. Dei første åra vart det berre produsert tolleknivar, men i 1948 starta den også produksjon av bordknivar, og seinare gaflar og skeier. Knivfabrikken i Holmedal vart utvida på 1962, og fabrikken fekk stor eksport av knivar til både Europa og USA.

I 1963 kjøpte brørne Helle lokala til den tidlegare aluminiumsfabrikken i Stongfjorden. Datterselskapet der fekk namnet Stangfjord Staal, og hadde 22 tilsette frå starten. Leiar for avdelinga i Stongfjorden var sivilingeniør Odd Gisle Helle, son til Steinar Helle. Med på kjøpet fylgde også kraftstasjon og fallrettar.

I 1977 kom Helle Knivfabrikk i store økonomiske vanskar då dei mista ein stor kunde på bordbestikk i USA. For å berge seg, selde dei kraftstasjonen i Stongfjorden og fallrettane som fylgde med til Ytre Fjordane Kraftlag. Problema førte også til at Helle no la om produksjonen og satsa sterkt på sportsknivar

Avdelinga i Stongfjorden gjekk i 1983 over frå knivproduksjon til produksjon av oppdrettsmerdar. Den fekk namnet Viking Global A/S

Helle knivfabrikk i Holmedal hadde i 2003 30 tilsette, og ei omsetning på 18 millionar kroner



6 Helle Teglverk

Johan Jenssen interesserte seg for framgang i bygdene. Han skjøna at det var veldige verdiar i dei store leirtaka på Helle og Vårdal. Han fekk bygd Helle Teglverk i 1895, og hjula svinga seg på Helle og steinlast etter steinlast for av garde.



Den første tida etter oppstartinga var det gode år for teglindustrien og lett å få avsetnad på steinen. Denne framgangen fekk ein brå slutt rundt århundreskiftet, med dårlege konjunkturar over heile landet.

Enkelte "lyspunkt" som Alesundbrannen i 1904, kunne ikkje redde teglverket, og det gjekk konkurs i 1907. Same året fekk Jørgen Helgerud førespurnad, om han ville overta drifta av teglverket etter konkursen. Jørgen Helgerud var frå Nedre Eiker og hadde tidlegare vore bestyrar ved Vårdal teglverk.

Den brende steinen køyrde ein på trillebårer ut av omnen, og ut i lagerskura. Der vart den sortert i fire grupper, det var etter hardheit og kvalitet.

Det var: **Fasade** (sort med fin overflate). **Førstesort**, (brend hard, mørk raud og skulle tole frost). **Andresort**, (var mindre brend, var lysare i farge og lettare, den var ikkje frost sikker og vart brukt til innvendig mur. Den hadde betre isolasjons emne). **Klinker**, (dette var den meste brende steinen og var nesten svart på farge, var svært hard og absolutt frostsikker)

Elles var det to sortar til som ein kalla "Bleikstein" (svært lite brend) og "Vrakklinker", (dette var stein som hadde brent saman og kunne vere litt vridde og skeive)

Det var samanhengande teglproduksjon på Helle heilt fram til 1976, men med svingande konjunkturar gjorde sitt til at verksemda hadde vanskar frå tid til anna.



LEIF STRØMMEN OG KONRAD HELLE
TEGLUTAKARAR

Heile tida teglverket på Helle hadde vore i drift, har dei nytta seg av arbeidarar frå bygda og dei næraste grannebygdene på begge sider av fjorden. Det var stort sett bondesøner som på dette viset fekk seg arbeid i heimbygda,. Det arbeide mellom 33 til 36 mann.

Utover i 1960-åra gjekk salet av teglstein dårleg. Året 1976 vart det siste med produksjon på Helle Teglverk, og drifta vart heilt avvikla i 1978. Etter nedlegginga vart det etter ei tid bestemt at anlegget skulle restaurerast og takast vare på. Men i 1993 brann teglverket ned.



JØRGEN KLAUSEN OG SVERRE KJØSNES



SIGURD DØRHELLEN OG DISPONENT JØRGEN HELGERUD

PRESSA

[Til toppen >](#)

7 Hermetikkfabrikken I Askvoll

Askvoll Canning og Co . var den største arbeidsplassen i Askvoll sentrum. Fabrikken vart bygd i Røysetfjæra og teken i bruk i 1925.



HERMETIKKFABRIKKEN I ASKVOLL

Fabrikken vart bygd i 1919, men brann ned i 1920.

Den nye fabrikken vart bygd i Røysetfjæra og teken i bruk i 1925.

Askvoll Canning og Co. var den største arbeidsplassen i Askvoll sentrum.

Fabrikkproduksjonen var basert på småsild og brisling om sommaren, krabbe om hausten og sild om vinteren. Fabrikken har hatt fleire eigara dei 67 år den vart dreven.

I 1993 vart fabrikken nedlagt og 60-70 menneske stod utan arbeid.



SAMLEBAND PÅ HERMETIKKFABRIKKEN

8 Hjalmar Rivedals porteføljeværksted, Holmedal


Porteføljeværksted i Holmedal grunnlagt 1950 av Hjalmar og Oddny Rivedal. Dei spesialiserte seg på produksjon av suvenirartiklar.



HJALMAR OG ODDNY RIVEDAL

Firmaet produserte lommebøker, album, skrivemapper og vesker i skinn. Dei hadde eige utsal. Hjalmar var særdeles flink teiknar og han laga mange kjente skisser som han prega inn i læret.

Dei leverte varer over heile landet etter direkte bestillinger.



9 Holmedals Dampbageri

Holmedals Dampbageri vart starta av Jens Bjørnstad i 1900. Bjørnstad var frå Hyllestad. Før han kom til Holmedal hadde han budd nokre år i Bergen og arbeidd som bakar der i 10-15 år. Holmedals Dampbageri var i eit hus Bjørnstad bygde like ved dampskipkaia.



Bjørnstad dreiv bakeri og kafé til 1914. Deretter leigde Theodor Nilsen bakeriet fram til 1944. Einar Samuelsen overtok som bakar fram til ut i 1950-åra, før Nils Veberg overtok og dreiv det til 1967.

Bjørnstad var i tillegg til bakar og poststyrar også dampskipsekspeditør, i tillegg hadde han telegrafan i Holmedal.

I 1970-80 vart huset brukt til kontor og feriehus, men etter år 2000 vart huset seld.

Huset vert no brukt til pub'en «Holken». Ein lokal pub for bygdefolket og tilreisande i Holmedal.



HOLMEDALS DAMPBAGERI - BILETE ER FRÅ 1910

10 Holmedal Mekaniske verkstad

Firmaet var ein reparasjons verkstad for landbruksmaskiner og fabrikkverksemder . For landbruket leverte verkstaden sers godt utstyrte ugrassprøyter, som var godt kjent i dei nærmaste bygder



Firmaet vart starta i april 1914, og var ein reparasjonsverkstad for landbruksmaskiner og fabrikkverksemder. For landbruket leverte verkstaden sers godt utstyrte ugrassprøyter, pumpesystemet var lett og stabilt.

Verkstaden leverte også eit patentert vindaugsbeslag og var innretta slik at vindaugsråma kunne vendast på hengslene, slik at utsida kom inn når rutene skulle vaskast eller skiftast.

Ein leverte også eit patentert vindauge, som pessar vindsaugsråma godt til tetningsfalsen og var solid og sterk. Dette produktet var foran sin tid.

Ein sikringsvrider som også var patentert og slik innretta at den låser seg når vindauge er lukka. Det vart også levert beslag og hengsler til kyrkjedørrar støypt i metall.

Verkstaden vart dreven av eigaren Ole K. Leirpoll til han døde i 1960.



KYRKJEDØRRA I HOLMEDAL HAR HENGLER OG HANDTAK LAGA PÅ
HOLMEDAL MEK. VERKSTAD

11 Johan Jenssen

Ein av dei mest framsøkte menn som har vore i desse bygder, er Johan Jenssen. Det var tronge og vanskelege tider i 1890 åra, lite attåtning og skrale prisar på jordbruksvarer, folket sleit tungt for levemåten.



Så kom Johan Jenssen og han makta virkeleg å skapa betre og lysare tider for ein stor del av folket i Holmedal og Askvoll. Han kjøpte Holmedal gard i 1890, dyrka den opp til eit mønsterbruk på den tid.

Ein kunne tru at Jenssen hadde meir enn nok med gardsstellet, men det var ikkje tilfelle.

Jenssen hadde stor interesse for framgang i bygdene, og mange store merker er det etter han.

Han fekk bygd Helle Teglverk 1896

Smørfabrikken "Flora" 1899

Brusfabrikken "Firda " 1899

Ullvarefabrikken "Trollefos" 1899

Kloggefabrikken i Dale ca. 1898

Bygdene var svært vegfattige når Jenssen kom til Holmedal. Det synes han var ille, og han sette seg i brodden for å byggje vegar til Askvoll, Helle og Eikenes.

Jenssen var gift og fekk 6 born. Han var ein stor dame sjarmør, og etter nokre år kom han og kona i usemje. Rykta svirra i bygda, og folk skjøna han bryggja på noko, for han selde verdfulle ting frå eigedomen sin. I 1911 reiste han til Amerika.

Buet gav han til kona og borna. Han døde på Cuba i 1919.

12 Klausen Mekaniske verkstad

Vart grunnlagt av brørne Olav og Jørgen Klausen i 1947. Verksemda heitte frå starten «Brødr. Klausen Mek. Verksted» og produserte den første tida m.a. sparkstøttingar, rattkjelkar, heisar, taubaner, og traktoren "Vestland "



ARNE, OLAV OG LEIF-GUNNAR KLAUSEN

Klausen Mek. Verksted AS var lenge den største verksemda i Askvoll kommune

I 1981 vart Klausen Mekaniske omskipa til aksjeselskap

Klausen Mekaniske Verksted produserte utstyr til prosessindustri, skip og oppdrettsnæringa, og hadde i 2003 51 tilsette

I 1990 vart dotterselskapet Klausen Industrier Svelgen AS skipa. I hovudsak arbeider selskapet med vedlikehald for smelteverket i Svelgen. Avdelinga hadde i 2003 10 tilsette.

I 2009 gjekk Klausen Mek. Verksted inn i ei tung tid med mangel på ordrar. Det førte til at alle produksjonsarbeidarane vart oppsagde. Men verksemda vart ikkje lagd ned, to-tre tilsette heldt fram for å prøve å skaffe nye oppdrag og ny produksjon. I 2015 vert verksemda lagt ut for sal.



KJELL EIKEMO PÅ TRAKTOREN VESTLAND



KLAUSEN MEK. VERKSTAD PÅ HELLESTRAND

13 Løkeland Hermetikkfabrikk

Løkeland hermetikkfabrikk på Atløy vart etablert av Sigurd Løkeland i 1922. Hovudproduktet har vore hermetisert krabbe.



1930 flytte Løkeland til Herland på Atløy, der han sette opp hus til bustad og forretning. Fabrikkerksemnda vart driven vidare i ei leigd sjøbu. Ny fabrikk stod ferdig i 1947. Etter krigen vart mesteparten seld til England.

I førstninga kunne det vere mellom 20 og 30 arbeidarar, dei aller fleste kvinner. Produksjonssesongen var vanlegvis frå september til november. Etter at den nye fabrikken kom i drift i 1947, kunne arbeidsstokken ligge på mellom 50 og 90 personar.

I 1960-åra tok dei til å lagre krabben i fryseri. Dette førte til at produksjonssesongen vart forlenga til ut i februar, og ei betre regulert arbeidstid.

I 2001 tok tredje generasjon over, og det var 16 personar sysselsette i produksjonssesongen.




14 Plan om Industriby i Askvoll

På 1960-talet gjorde landelskomiteen for Vestlandet - Vestlandskomiteen (med seinare statsråd og fylkesmann Ingvald Ulveset som formann), framlegg om å byggje ein ny industriby på inntil 27 000 innbyggjarar i Askvoll, med eit stort aluminiumsverk på Helle.

Byplanen for Askvoll omfatta eit stort aluminiumsverk (nede i midten), eit nytt sentrum (sirkelen i midten), flyplass vest for verket, og jernbane frå verket til ei ny kai sør for noverande sentrum.

Bustadområde og bysenter skulle liggje skjerma frå industriområdet kring Straumen. Komiteen gjorde òg framlegg om at den nye industribyen skulle få eigen flyplass på Dørhella.

Krafta til aluminiumsverket skulle m.a. hentast ved utbygging av Naustdal-Gjengedalsvassdraga og Gaularvassdraget, som fylket hadde fallrettane til .



[Til toppen >](#)

15 Sauesundet: Handelsstaden og Skysstasjonen – Hermetikk fabrikk

Sauesund ligg på søraustsida av Atløy, like ved kystleia. Her har det vore skysstasjon og gjestgiveri sidan 1622.



ARBEIDARAR SAUESUNDET

I fiskeværet Hindøy på vestsida av Atløy vart det ei tid drive eit gjestgiveri som sorterte under gjestgjevaren i Sauesund. Den første tida var Sauesund viktigast som gjestgjevarstad og skysskifte, men på slutten av 1700-talet tok handelen seg opp.

Butikkdrifta på den gamle handelsstaden held fram til 1949. Postopneriet for denne delen av Atløy heldt til i Sauesund frå 1899 til 1901.

Då regjeringa i 1858 sette ned ein kommisjon som skulle vurdere plasseringa av ein ny by i Sunnfjord, var Sauesund eitt av tre alternativ.

Hermetikkfabrikken

Krabbefabrikken i Sauesund skal ha vore ein av dei første i landet. Krabbefabrikken **Sætre og Sauesund Preserving** i Sauesund ein gong mellom 1911 og 1914.

1925 vart ny fabrikk bygd ved sjøen. I produksjonssesongane skal opp til mellom 50 og 80 arbeidrar ha vore i sving. Krabben vart levert av fiskarar i distriktet.

Fabrikken stogga drifta under krigen 1940- 1945. Etterpå vart anlegget kjøpt av Bergen Preserving, og lagt ned.



16 Smørfabrikken

Flora smørfabrikk starta i nye lokale i Holmedal 1901. Men smørfabrikken vart lagt ned etter få år, og utstyr og namn vart seld til Bergen 1903.



Utstyret vart installert i C. Sundsgate 21. Flora smør opparbeidde seg ein stor kundekrets på Vestlandet og i Nord-Norge. Produksjon av "Flora" gjekk fram til 1930-talet.

Eigedomen på kaia i Holmedal vart overteken av Trollefoss Ullvarefabrikk. I 1943 overtok brørne Steinar og Sigmund Helle, som starta S. & S. Helle Knivfabrikk.



[Til toppen >](#)

17 British Aluminium Company i Stongfjorden

Stongfjorden var ein av dei første industristadene her i fylket . Den første aluminiumsfabrikken i Skandinavia " BAKO." starta her.



Framveksten av industri i Stongfjorden tok til i 1897.

[Sjå film om Stongfjorden her.](#)

Dei fekk i stand kontrakt med grunneigarane om bortleige av elva samt rett til oppdemming av Stongsvatnet, fekk bygd dam og kraftstasjon. Straumen gjekk dei første åra til to fabrikkar som produserte jod og torvkol.

Men produksjonen av torvkol og jod synt seg ikkje lønsam, og vart stogga etter få år.

BACO (British Aluminium Company) bygde den første aluminiumsfabrikken i Skandinavia her. Aluminiumsfabrikken starta produksjonen i 1907.

I bygda vart det i tillegg til fabrikkhall og kraftstasjon også reist arbeidarbustadar på Småbakkane - «Gata» - som husrekkja vart kalla. Stongfjorden fekk elektrisk gatelys i 1908 - som ein av dei første stadane i landet som fekk slik luksus! BACO fekk også reist skule og folkebad.

Selskapet kjøpt inn skyssbåtane «Rabben» og «Stangfjord», og heldt

stongfjordingane med skyssbåt til Askvoll heilt fram til 1933.

Elektrolyseprosessen i omnane førte til store utslepp av fluor over bygda. Graset kring fabrikkken vart brunsvidd, og dyra fekk store skadar i skjelettet

Alt i 1907 gjorde arbeidarar ein freistnad på å skipe fagforeining. Fabrikkken hadde på det meste kring 70 tilsette.

SKIFTARBEIDARAR, F.V. JAKOB MJÅSETH,
KONRAD YNDESTAD, A. SKREDE, LAURITS
YNDESTAD OG SMEDEN JOHAN VIKTOR KILBERG



Direktørbustaden på Stang vart reist på eit platå med flott utsikt. I 1911 var Maurice Russel Turner direktør. Han gifta seg med ei kvinne frå Stavenes.

M. Russel Turner styrte fabrikk fram til krigsutbrotet i 1940, då han og familien måtte rømme til England.

Kjemiingeniøren Endre Svanøe (1897-1976) , tok no over som direktør og styrte fabrikk til den vart nedlagt i 1945. Då flytta mange arbeidarar til Høyanger og Årdal

Etter krigen i 1948 etablerte Norges Fiskarlag båtbyggeriet A/S Stangfjordanleggene, og på kaia vart det sett i gong eit notbøteri. Det var store forventningar til desse bedriftene, men begge vart nedlagde i 1952. Mange arbeidarar flytta då til andre industriadar, særleg Høyanger, Årdal og Sunndalsøra.

I 1963 starta Helle Fabrikker avdeling i den gamle fabrikkbygningen. Då Helle Fabrikker fekk ordresvikt og økonomiske problem i 1977, selde dei unna kraftstasjonen og fallrettane som hørde til i Stongavassdraget til Ytre fjordane kraftlag.



ARBEIDERBUSTADER I STONGFJORDEN

[Til toppen >](#)

18 Trollefos Uldvarefabrikk

I 1898 vart det danna eit aksjeselskap som skulle utnytte vasskrafta i Trollefossen på Engebø. Trollefos Uldvarefabrikk laga dresstøy, kjoletøy og ullteppe.



Fabrikken produserte også strikkegarn, filleryer, golvtepper og innlegg til vatteppe.

Inne i fabrikklokalet stod 12 vevstolar, to spinnemaskiner, to karsett og strikkemaskiner.


Maskinene vart drivne av vasskraft og dampmaskin, men dei hadde ein liten turbin som produserte strøm til lys i fabrikk.

Arbeidstida var frå kl 06.00 - 18.00 seks dagar i veka den første tida.

På kaia i Holmedal hadde dei lager, kontor og utsal av ferdigvarer frå fabrikk.

Periodevis var avsetnaden bra, men utetter på 1920-talet vart situasjonen svært vanskeleg, og i 1923 vart selskapet slått konkurs. Drifta vart likevel halden i gang av eit nytt selskap. Men i 1932 brann fabrikklokalet ned til grunnen.

Ullvarefabrikk vart sidan ikkje bygt opp att. Maskinane vart selde til skrapjern, og fabrikkområdet har sidan vorte stadig meir tilgrodd.



19 Vårdal Tegleverk

Vårdal teglverk låg på Vårdalsneset. I 1898 kom Vårdal Teglverk i gang. Det var David O Bakke som fekk starta teglverket som hadde mange bygningar.



På austsida av hovudbygningen stod sju lagerskur for ferdig murstein og eit nyare bygg som inneheld, matsal, bad, garderobe og tørkerom for den ubrende steinen. På nordsida låg maskinhall og verkstad.

Sør for hovudbygningen var eit lagerskur for kull og ein kontorbygning med hyblar for overnatting.

Leirtaket låg nordvest for Verket

I 1966 vart det styrd konkurs, og Helle Teglverk (Helgerud) som eigde over 40% av aksjane kjøpte då opp resten.

Dei dreiv det frå 1967 til 1971. Verkt vart revet i 1990.

I dag står ein bygning att på kaia, den er omgjort til pub, med namnet " Verket Pub" , og er ein pub for tilreisande og bygdefolk.

Området er no lagt ut til Feriesenteret, "Fjordlagunen ", eit opplevings- og feriesenter på 120 mål. Her skal det byggjast 21 hytter for sal til private. Det vert laga parkar og kanalar, tennisbane og golfbane, og med rom for mange aktivitetar. I tillegg til utleigehytter og campingplass.



Tørka stein klar til brenning

På trucken Sverre Helle

[Til toppen >](#)